



Styre: Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Styresak: 48/18

Møtedato: 04.09.2018

Dato: 02.07.2018

Arkivsaksnr: 2018/1112-UNU

Meritteringsordning for undervisning

Dokumenter i saken:

- Høringssvar fra AHKR, IF og LLE
- Høringsbrev til instituttene datert 16.05.18
- Styresak S 25/18 *Meritteringsordning for undervisning – forslag fra arbeidsgruppen*
<http://ekstern.filer.uib.no/hf/fakstyresaker/2018-05-15/S%2025.pdf>

Bakgrunn

Universitetsstyret vedtok i møte 01.06.17 innføring av meritteringsordningen Fremragende underviser og undervisningsmiljø (FUND) ved UiB. Fakultetene må gå i gang med utprøving av hele eller deler av ordningen innen 01.07.19 og evaluere modellen etter fem år. I møte 15.05.18 (sak S 25/18) behandlet fakultetsstyret rapport fra en arbeidsgruppe med forslag til meritteringsordning ved Det humanistiske fakultet og gjorde følgende vedtak:

Fakultetsstyret ber om at arbeidsgruppens forslag til meritteringsordning for undervisning ved Det humanistiske fakultet sendes på høring til instituttene med de merknadene som framkom i møtet. Høringsfrist settes til 22.06.18. Endelig forslag legges fram for fakultetsstyret 04.09.18.

Det settes av midler til meritteringsordningen i budsjett 2019.

Fakultetsstyret hadde følgende merknader:

- Som et alternativ til den foreslåtte ordningen bør det vurderes en ordning der det ikke gis Fund-status til enkeltpersoner, men bare til undervisningsmiljøer.
- Midlertidig tilsatte bør inkluderes i den kollektive delen av ordningen.
- Kriteriene for tildeling og prosedyrene for søknad, bedømming og tildeling bør forenkles.
- Formen på og formålet med et eventuelt Fagdidaktisk forum bør vurderes videre.
- Belønningsmidlene bør, foruten en tildeling til instituttet, inkludere flere insentiver til fagmiljøene, som f.eks. midler til ansettelse av masterstudenter eller nyutdannede kandidater som undervisningsassistenter, forskningsterminer, etc.

I brev av 16.05.18 ble saken sendt på høring til instituttene med tilbakemeldingsfrist 22.06.18. AHKR, IF og LLE har uttalt seg om saken (se vedlegg).

AHKR behandlet saken i instituttrådet 14.06.18, og rådet sluttet seg enstemmig til høringssvaret. I svaret understrekes det positive i vektlegging av god undervisning og at undervisningskvalitet og gode undervisningstilbud blir verdsatt og framhevet. AHKR slutter seg i hovedsaken til fakultetsstyrets merknader og vil spesielt peke på at søknadsprosessen

synes komplisert med mange kriterier og til dels vage prosedyrer. I motsetning til fakultetsstyret mener AHKR at både undervisningsmiljøer og enkeltpersoner bør kunne søke om Fund-status under forutsetning av at ordningen ikke blir eksklusiv gjennom at det blir satt et tak på hvor mange undervisere/undervisningsmiljøer som kan oppnå statusen per år. Alle som blir funnet kvalifiserte, bør gis Fund-status. AHKR er skeptisk til etablering av Fagdidaktisk forum, blant annet fordi det er uklart hvilken rolle forumet skal ha. AHKR mener at meritteringsordningen heller bør få innretninger som stimulerer til økt bevissthet om undervisningskvalitet i fagmiljøene og hos enkeltpersoner. AHKR slutter seg til arbeidsgruppens forslag om at midlertidig ansatte kan være del av et undervisningsmiljø som søker om status, og mener det er naturlig at også administrativt personale kan inngå. Samtidig bør det defineres klarere hva som kan utgjøre et undervisningsmiljø. AHKR framhever til slutt viktigheten av at belønning for Fund-status ikke bare går til enkeltpersoner, men også til institutt og undervisningsmiljøer.

IF inviterte alle ansatte til å komme med merknader til arbeidsgruppens rapport. Det kom imidlertid ingen merknader. Saken ble drøftet i instituttrådet 13.06.18, og rådet vedtok enstemmig å støtte forslaget til prøveordning for merittering av undervisning slik det står i arbeidsgruppens rapport. Rådet sluttet seg samtidig til fakultetsstyrets merknad om at kriteriene for tildeling og prosedyrene for søknad, vurdering og tildeling bør forenkles.

LLE inviterte også de ansatte om å komme med innspill, men fikk kun tilbakemelding fra fagkoordinator for norskkursene på vegne av andrespråkmiljøet ved instituttet. Miljøet ser svært positivt på en slik ordning for merittering og støtter forslagene i arbeidsgruppens rapport. Miljøet har mange faste universitetslektorer og er opptatt av at også denne kategorien inkluderes. Universitetslektorene har i dag få muligheter for opprykk og ikke mulighet for forskningsfri, og det er derfor svært avgjørende at de omfattes i ordningen. LLE har utover dette ingen merknader til rapporten fra arbeidsgruppen.

Som det framgår av det ovenstående, støtter instituttene arbeidsgruppens forslag om at både enkeltpersoner og undervisningsmiljøer skal kunne tildeles Fund-status i prøveperioden. Instituttene slutter seg også i hovedsaken til de øvrige av arbeidsgruppens forslag selv om AHKR er skeptisk til etablering av Fagdidaktisk forum, samt til at det settes et årlig tak på antall tildelinger. Instituttene er videre enige med fakultetsstyret om at kriteriene for tildeling og prosedyrene for søknad og bedømming bør forenkles, men ingen har konkrete forslag til hvordan dette kan gjøres. Med hensyn til merknaden fra LLE omfatter forslaget allerede fast ansatte universitetslektorer (jf. punktet «Hvem som kan søke»). Ingen av instituttene har innvendinger mot at midlertidig ansatte kan inngå i den kollektive delen av ordningen.

Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret vedtar arbeidsgruppens forslag til meritteringsordning for undervisning ved Det humanistiske fakultet for en prøveperiode på fem år. Dekanen får fullmakt til å se nærmere på kriteriene for tildeling og prosedyrene for søknad, bedømming og tildeling med sikte på forenkling. Dekanen får videre fullmakt til å arbeide videre med spørsmålet om et Fagdidaktisk forum, og hvilken form og formål det i så fall skal ha.

Det settes av midler til meritteringsordningen i budsjett 2019.

Jørgen Magnus Sejersted
dekan

Kim Ove Hommen
fakultetsdirektør



Det humanistiske fakultet

Referanse

2018/1112-BRH

Dato

15.06.2018

Meritteringsordning for undervisning ved HF - hørings svar fra AHKR

Vedlagt følger hørings svar fra AHKR angående meritteringsordning for undervisning ved HF. Instituttrådet sluttet seg i møte i går enstemmig til svaret.

Vennlig hilsen

Jan Heiret
instituttleder

Britt Kristin Holsen
administrasjonssjef

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og
religionsvitenskap
Telefon

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Øysteinsgate 3
Bergen

Saksbehandler
Britt Kristin Holsen
55582315

Høyringsuttale om meritteringsordning for undervisning ved HF

Me viser til brev frå HF, datert 16.5.2018, der institutta blir bedne om å kome med høyringsuttale i høve innføring av meritteringsordning for undervisning ved HF (såkalla Fund), og arbeidsgruppa sitt forslag til ordninga. Ordninga med undervisningsmerittering er bestemt innført seinast frå sommaren 2019.

AHKR vil understreke det positive i vektlegging av god undervisning, og at undervisningskvalitet og gode undervisningstilbod vert verdsatt og framheva. Slik helsar instituttet ordningar som bidrar til det velkomne.

Arbeidsgruppa sitt forslag blei lagt fram for fakultetsstyret 15.5.2018, og AHKR vil i hovudsak slutte seg til dei merknadene som fakultetsstyret hadde til forslaget. Me vil særleg peike på at søknadsprosessen synes komplisert med mange og kriterium og til dels vage prosedyrar. Det er positivt at arbeidsgruppa har lagt vekt på betydinga av undervisningsmiljø, og har opna for at undervisningsmiljø skal kunne søke om Fund-status. AHKR vil, i motsetnad til fakultetsstyret, meine at også enkeltundesarar bør kunne søke under føresetnad av at ordninga ikkje blir eksklusiv (sjå under). Men det er viktig at ordninga får innretningar som fremjar undervisningskvaliteten generelt i fagmiljøa også når enkeltpersonar oppnår Fund-status.

AHKR er skeptisk til å gjere ordninga eksklusiv gjennom å ha tak på kor mange meritterte undesarar/miljø som kan oppnå Fund-status kvart år. Det bør vere eit uttalt mål for alle institutt at så mange som råd av staben faktisk kvalifiserer seg til ein slik status over tid, slik det er forventa at ein over tid kvalifiserer seg til professorkompetanse. Det er ikkje noko prinsipielt skilje her mellom ordninga med professoropprykk (der forskning er særleg vektlagt) og ei meritteringsordning som legg vekt på undervisning. Dei som faktisk blir vurdert som kvalifiserte, bør også få Fund-status. Kunstige og tilfeldige tak på utnemningar kan gjere tildeling av Fund-status tilfeldig. Det kan virke mot sin hensikt. Det vil kunne skape betre rammer for fokus på og medvit om undervisningskvalitet i heile undervisningstilbodet dersom kompetanse og kvalifikasjonar er avgjerande, enn kva symbolske og noko tilfeldige utnemningar vil kunne vente å gjere.

AHKR er difor også skeptisk til ordninga med fagdidaktisk forum. Eit slikt forum legg til grunn eit relativt eksklusivt medlemskap og ber preg av symbolpolitikk framfor tiltak for undervisningskvalitet. Kva rolle dette forumet skal ha, er også uklart. Arbeidsgruppa skriv at forumet «skal bidra til å utvikle undervisningskvalitet og en kollegial undervisningskultur», men korleis dette skal skje er vagt. Medfører utnemning til forumet eit spesielt ansvar og forpliktingar for den enkelte? Skal dei ha faste arbeidsoppgåver knytt til studiekvalitet? Skal dei påleggast å evaluere og/eller rettleie medarbeidarar og/eller undervisningsmiljø? Som arbeidsgruppa sjølv peiker på, er forholdet mellom forumet og andre organ ved HF og institutta også noko uklare. Den mest eksplisitte funksjonen er rolla dei er tiltenkt i vurderinga av framtidige søkarar til ordninga. I staden for å bygge opp eit symboltungt «akademi», bør ordninga heller få innretningar som stimulerer fagmiljøa til å kvalifisere fleire enkeltpersonar eller miljø til medvit om undervisningskvalitet og på sikt Fund-status.

Som ved professoropprykk, bør fast tilsette kunne søke på ordninga. AHKR sluttar seg også til arbeidsgruppa sitt forslag om at midlertidig tilsette bør kunne vere del av undervisningsmiljø som søker. Det er likevel noko uklart kva som blir forstått med eit undervisningsmiljø i forslaget, ut over at det må bestå av meir enn ein person. Skal eit heilt fagmiljø kunne søke, for eksempel basert på eit bachelor- eller masterprogram, eller er det tenkt mindre grupper innan eit fagmiljø? Ut frå tilleggskriteria som arbeidsgruppa listar opp for undervisningsmiljø og som særleg omhandlar studiekvalitet, er det naturleg at også studieadministrativt tilsette bør kunne inngå når miljø søker.

Arbeidsgruppa listar opp fire områder som skal vektleggast ved vurdering, alle med fleire underpunkter. For undervisningsmiljø er det i tillegg egne kriterier. Kriteria speglar viktige aspekt ved god undervisning og stimulerer i seg sjølv til refleksjon over kva god undervisning kan vere. Men som vurderingskriterier framstår dei likevel noko uavklarte. Arbeidsgruppa skriv at «Søkeren skal i søknaden og vedleggene beskrive, analysere, diskutere og dokumentere et systematisk og målrettet arbeid med utdanningskvalitet innen» dei temaområda som er lista opp. Det er såleis uklart om det er forventa at søkerane skal score høgt på alle desse områda, eller om det er tilstrekkeleg med høg score på deler av kriteria. Alle temaområda er nummererte, frå éin til fire. Men det er uklart om nummereringa også medfører ei rangering av dei ulike kriteria. Er nummereringa eit uttrykk for kva som skal vektleggast mest?

Det er også nokre uklarheiter når det gjeld korleis søkerane skal bedømmast. Arbeidsgruppa foreslår ein bedømningskomite på seks, der halvparten (etter første utnemningsrunde) skal vere medlemmar frå fagdidaktisk forum. Leiar i bedømningskomiteen skal også vere frå forumet, men det går ikkje fram om leiar skal ha dobbeltstemme ved stemmelikskap? I så fall vil akademiets medlemmar ha fleirtal i bedømningskomiteen. Arbeidsgruppa foreslår også at komiteen skal innkalle eit studentpanel med «minst tre av søkerens studenter» for å innhente studenterfaringar. Det er uklart kva som er meint med «søkerens studenter», og korleis desse studentane skal utveljast. I små undervisningsmiljø, eller der student har eit rettleiingsforhold til søkar, kan slike panel skape uheldig press på studentar. Det gjeld særleg studentar på bachelornivå som vurderer å gå vidare innan det same fagfeltet og der søkar dermed kan vere relevant som rettleiar eller sensor ved seinare høve.

Arbeidsgruppa foreslår at komiteen skal invitere dei beste søkerane til å presentere arbeidet sitt i eit ope forum. Kva betyr det? Skal søkeren argumentere for sin søknad, eller skal søkeren demonstrere ein faktisk undervisningssituasjon, ei forelesing, seminarundervisning eller noko anna? Det vil vere svært underleg om komiteen skal vurdere undervisningskvalitet utan faktisk å ha grunnlag for å vurdere det gjennom faktisk undervisning. Det vil vere meir naturleg om ein bedømmelseskomite var observatørar i reelle undervisningssituasjonar og baserte sine vurderingar på det, enn på søkerens eigenpresentasjon som søknaden uansett dekker.

Til slutt vil AHKR peike på det viktige i at ordninga legg til rette for å heve kvalitet og medvit generelt. Det er derfor viktig at belønning for Fund-status ikkje berre går til enkeltindivid, men at det særleg går til institutt og undervisningsmiljø og kan brukast for utvikle undervisnings- og studiekvalitet, og til å kvalifisere fleire til Fund-status.



UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for fremmedspråk

Det humanistiske fakultet

Referanse

2018/1112-ÅSJ

Dato

18.06.2018

Høringssvar fra institutt for fremmedspråk – Meritteringsordning for undervisning

Vedlagt oversendes høringssvar fra IF. Saken har vært sendt til alle på instituttet med mulighet for å uttale seg og den har vært diskutert på instituttrådsmøte 13.6.

Beste hilsen fra

Åse Johnsen
instituttleder

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Institutt for fremmedspråk
Telefon

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
HF-bygget, Sydneplassen
7
Bergen

Saksbehandler
Åse Johnsen
55582290

Høyring - meritteringsordning for undervisning ved HF – 2018/1112

Svar fra institutt for fremmedspråk

Våren 2018 har ei arbeidsgruppe ved Det humanistiske fakultetet utarbeidd ein rapport med forslag til meritteringsordning for undervisning ved fakultetet, i tråd med Meld. St. 16 (2016-2017): *Kultur for kvalitet i høgere utdanning* og vedtak gjort i Universitetsstyret 01.06.17 (sak 60/17).

Meritteringsordninga som er foreslått skal gjelda i 5 år før ho vert evaluert og eventuelt endra. Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultetet har bede om at forslaget til arbeidsgruppa vert sendt på høyring, og i brev av 16.05.2018 vert institutta bedne om innspel til rapporten. Høyringsfristen er 22.06.18 og endeleg forslag skal leggjast fram for fakultetsstyret i september.

Rapporten vart sendt ut til alle på Institutt for framandspråk, med frist for å senda inn merknader 05.06.2018. Det kom ikkje inn merknader.

Saken ble drøftet i instituttrådet 13. juni og følgende vedtak ble fattet:

Vedtak (samrøystes): Institutt for framandspråk støttar framlegget til ei prøveordning for merittering av undervisning ved fakultetet slik det står i rapporten frå arbeidsgruppa. Rådet sluttar seg samstundes til kommentaren frå fakultetet om at kriteria for tildeling og prosedyrane for søknad, vurdering og tildeling bør forenklast.



Det humanistiske fakultet

Referanse

2018/1112-SIN

Dato

20.06.2018

Høyringsvar frå LLE - meritteringsordning for undervising ved HF

LLE har berre fått inn éi tilbakemelding i høve denne saka. Tilbakemeldinga kom frå fagkoordinator for norskkursa, Else Berit Molde, på vegner av andrespråksmiljøet ved LLE, og blir her gitt att i sin heilskap:

Andrespråksmiljøet på LLE ser veldig positivt på ei slik ordning for merittering av undervising, og me støttar dei tiltaka som arbeidsgruppa legg fram. Innanfor andrespråksmiljøet er det mange faste undervisningsstillingar, per i dag 12 på Norskkursa og éi på PRISME. Dei fleste av dei tilsette i desse stillingane er universitetslektorar, og eit par er førsteamanuensis med personleg opprykk. Målretta arbeid med utdanningskvalitet er ein sentral del av arbeidet vårt, og moglegheita for å bli tildelt status som framifrå underviser eller undervisningsmiljø, vil vera av stor tyding for dei tilsette.

Me ynskjer difor å oppmoda instituttet til å spesifikt nemna universitetslektorane i svaret på høyringa, slik at ein er sikker på at også dei i reine undervisingstillingar vert inkludert i ordninga. I brev frå arbeidsgruppa står det at ordninga skal gjelda «alle fast vitenskaplege ansatte med undervisningsdel i stillingen», men dokumenta nemner ikkje stillingskategorien universitetslektor (undervisningsstilling), sjølv om me utgjer ein stor del av det vitenskaplege personalet ved LLE og HF. Universitetslektorane har i dag få moglegheiter for opprykk, og har ikkje høve til å få forskingsfri. Difor er det svært avgjerande at dei vert tekne med i denne ordninga.

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium ber om at også universitetslektorar blir inkluderte i meritteringsordninga for undervising ved HF.

Venleg helsing

Aleksander Morland
fung. administrasjonssjef

Signe Nilssen
fung. studieleiar

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Institutt for lingvistiske, litterære og
estetiske studium
Telefon 55582400

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydnesplassen 7
Bergen

Sakshandsamar
Signe Nilssen
55588823



Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier
Institutt for fremmedspråk
Senter for vitenskapsteori
Senter for kvinne- og kjønnsforskning
Institutt for filosofi og førstesemesterstudier
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Referanse

2018/1112-UNU

Dato

16.05.2018

Høring - meritteringsordning for undervisning ved HF

Universitetsstyret vedtok i møte 01.06.17 (sak 60/17) innføring av meritteringsordningen Fremragende underviser og undervisningsmiljø (FUND) ved UiB. Fakultetene velger selv når de vil gå i gang med utprøving av hele eller deler av ordningen, men dette må skje innen 01.07.19, i tråd med Meld. St. 16 (2016-2017): *Kultur for kvalitet i høyere utdanning*. Det forventes at implementering av modellen evalueres innen fem år.

På denne bakgrunn vedtok fakultetsstyret i møte 06.02.18 å nedsette en arbeidsgruppe for å utarbeide forslag til meritteringsordning ved Det humanistiske fakultet (jf. styresak 3/18). Fakultetsstyret behandlet i møte 15.05.18 (styresak S 25/18) arbeidsgruppens rapport med forslag til meritteringsordning (jf. vedlegg) og gjorde følgende vedtak:

Fakultetsstyret ber om at arbeidsgruppens forslag til meritteringsordning for undervisning ved Det humanistiske fakultet sendes på høring til instituttene med de merknadene som framkom i møtet. Høringsfrist settes til 22.06.18. Endelig forslag legges fram for fakultetsstyret 04.09.18.

Det settes av midler til meritteringsordningen i budsjett 2019.

Fakultetsstyret hadde følgende merknader til forslaget fra arbeidsgruppen:

- Som et alternativ til den foreslåtte ordningen bør det vurderes en ordning der det ikke gis Fund-status til enkeltpersoner, men bare til undervisningsmiljøer.
- Midlertidig tilsatte bør inkluderes i den kollektive delen av ordningen.
- Kriteriene for tildeling og prosedyrene for søknad, bedømming og tildeling bør forenkles.
- Formen på og formålet med et eventuelt Fagdidaktisk forum bør vurderes videre.

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

- Belønningsmidlene bør, foruten en tildeling til instituttet, inkludere flere insentiver til fagmiljøene, som f.eks. midler til ansettelse av masterstudenter eller nyutdannede kandidater som undervisningsassistenter, forskningsterminer, etc.

Som det går fram av fakultetsstyrevedtaket, er **fristen for innspill/merknader** fra instituttene satt til **22.06.18**.

Vennlig hilsen

Kim Ove Hommen
fakultetsdirektør

Unni Karin Utvik
seniorrådgiver